

# Seterbrukaren

Skrift frå Norsk seterkultur Nr. 3 | November 2016 | 19. årgang



Norsk  
Seterkultur

## Seterbrukaren

Seterbrukaren kjem ut med tre utgåver i året og neste blad kjem i mars, med frist for stoff 15. februar.

### Bruk markedsplassen på [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no).

Anten du er ute etter seterjobb eller treng hjelp på setra neste sommar, markedsplassen på [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no) er til gratis hjelp. Vi har fått mange tilbakemeldingar om at annonsering der har fungert godt.

### Seterpris

#### – kom med forslag!

Av forskjellig grunnar vart det ikkje klart for utdeling av NSKs seterpris under Dyrsku'n i Seljord i september. Men arbeidet med opplegget, valg av jury, tidspunkt for utdeling m.v. held fram. - Målet med ein slik pris er å heidre nokon som har gjort og gjer ein framtidsretta innsats for stølsdrifta, det vil seie driv aktiv seter eller synleggjer stølskulturen på andre måtar. I tillegg ønskjer NSK sjølsagt at prisen skal gi "blest" om stølsdrifta. Ein jury på tre skal ta seg av tildelinga, og vi har vore så heldige å få Norges Bygdekvinneleg med i juryen. Om alt går etter planen blir prisen delt ut for første gong under Norsk seterkultur si fagsamling og årsmøte våren 2017. – Derfor: kom med forslag på kandidatar til prisen! Adressa er [seter@seterkultur.no](mailto:seter@seterkultur.no).

#### Styret:

Hans Bondal, leiar  
[hbond@online.no](mailto:hbond@online.no)  
Tlf. 90969518  
Sollivegen 862  
2477 Sollia

Siv Eggen, nestleiar  
7760 Snåsa,  
tlf. 48 10 27 85  
[sbegg@msn.com](mailto:sbegg@msn.com)

#### Styremedlemmer

Per Sæther  
6631 Batnfjordsøra  
tlf. 71 29 01 81/93 67 35 69  
[pesetra@gmail.com](mailto:pesetra@gmail.com)

Marit Skjelstad  
[marit.skjelstad@tine.no](mailto:marit.skjelstad@tine.no)  
(Repr. landbrukssamvirket)

Erik Fleischer  
tlf. 91180314  
Braskerud Nystuen  
2436 Braskereidfoss  
[erfleisc@online.no](mailto:erfleisc@online.no)

#### Varamedlemmer

Nils Drablos  
Tlf 909 89 109  
[nils-dr@online.no](mailto:nils-dr@online.no)  
Vallavegen 31  
6220 Straumgjerde

Bjørn Karsten Ulberg  
3358 Nedre Eggedal  
[bkulberg@broadpark.no](mailto:bkulberg@broadpark.no)

Ingrid Arneng  
tlf. 95 78 32 06  
Skjel, 2940 Heggenes  
[i.arneng@skjel.no](mailto:i.arneng@skjel.no)

#### Utgevar:

##### Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77  
E-post: [seter@seterkultur.no](mailto:seter@seterkultur.no)  
[www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

Sekretariat: Katharina Sparstad  
[katharina.sparstad@valdres.no](mailto:katharina.sparstad@valdres.no)

Bankgiro: 2367 20 51169

Organisasjonsnr. 879270642

Redaktør: Jostein Sande

Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS  
Trykk: Unitrykk

Rekneskap/abonnement: [SveinLoken,sv.l@online.no](mailto:SveinLoken,sv.l@online.no)

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut tre gonger i året.

Framsida: Veronika Fraisl. Foto: Jostein Sande

## Setrene

### – viktig del av mjølkproduksjonen

Fram til langt ut på 1900-talet var sommaren med utmarksbeite og stølsdrift viktigaste årstida for mjølk- og kjøttproduksjonen. Av mange grunnar, praktiske, økonomiske og politiske, har dette endra seg, bruken av utmarksbeite har gått sterkt attende. Resultatet er at verdifulle ressursar står ubrukt, landet gror att og stadig meir mjølk og kjøtt blir produsert på kraftfor – ikkje minst mykje importert for. Likevel er stølsdrifta i fleire område framleis ein viktig del av mjølkproduksjonen, og beiteressursane i seterfjellet er framleis grunnlaget for omfattande kjøttproduksjon. – Oppland er det største utmarksbeite-fylket, der dyra et gras verdsett til 140 millionar årleg, les vi i ein interessant brosjyre som landbruksavdelinga til fylkesmannen har laga. Oppland er seterfylke nr. 1 med nær 340 enkeltsetre og 30 fellessetre i drift kvar sommar. Øystre Slidre er stølskommune nr. 1 i landet, med 60 stolar i drift, og i Gudbrandsdalen toppar Nord-Fron med 30 setre i drift.

Framleis er det mange bruk som har ein vesentleg del av produksjonen på setra, og vi møter mange som seier at dei ikkje kunne drive utan setra. Mjølkproduksjonen i fjellet er såleis viktig for å få nok mjølk om sommaren, og er grunnlaget for at Tine kan by oss spesialitetane Stølsmjølk og Stølsfløyte frå Valdres. For å oppretthalde aktive setre, og gjerne oppleva at seterdrift blir teke opp att, trengst rådgjeving basert på dei gode eksempla, tekniske løysingar som er praktisk og økonomisk overkomelege og stimulans gjennom målretta økonomiske støtteordningar og rammevilkår. Fjellandbrukssatsinga 2013-2016 er eit eksempel på målretta og konkret støtte til viktige tiltak i fjellbygdene, og vi bør få meir av det slaget. Vi ser stadig eksempel på at setre kan utviklast til attraktive opplevings- og reiselivsprodukt, og på mange setre skjer det mykje spennande lokal småskala foredling av mjølk. Men skal vi lukkast med slikt må vi samstundes ha ei livskraftig seterdrift som del av det vi kan kalle "volumproduksjonen" av mjølk.

Jostein

## Presenter setra di eller anna seterstoff

Spaltene i Seterbrukaren er opne for presentasjon av setre og seteropplevingar frå heile landet. Nokre ord og foto er gjerne nok til at vi kan bruke det direkte eller nytte det som grunnlag for ein litt større omtale. NSK har ikkje ressursar til å drive mykje oppsøkjande journalistikk, så vi er avhengige av hjelp med stoff, bilete og tips om aktuelle setre, arrangement og tiltak som har med seterkulturen å gjera. Vi arbeider også kontinuerleg med å utvikle nettsida med tanke på å synleggjera meir av det som skjer i seter-Noreg, så også der er det plass til aktuelt stoff og omtale av arrangement på "seterkalenderen".

## Bli medlem!

Norsk seterkultur får mange gode tilbakemeldingar om jobben organisasjonen gjer for seterdrifta, og på facebook manglar det ikkje på "likes". Men skal organisasjonen ha ressursar og tyngde til å oppnå meir, så trengs det medlemmar – både aktive seterbrukarar og støttemedlemmar. Så bli medlem!

Fylkesmannen i Oppland

**LANDBRUKSAVDELINGEN**

Disse finner du i Opplandsfjellet om sommeren

<b>250.000</b> søyer og lam	<b>18.000</b> mjølkekyr og ammekyr	<b>25.000</b> storføningdyr
<b>6.000</b> geiter	<b>800</b> hester	Oppland er Norges største utmarksbeitefylke. Her spiser dyra gras verdsatt til 140 millioner årlig.

[www.fylkesmannen.no/oppland](http://www.fylkesmannen.no/oppland)  
[www.facebook.com/fylkesmannenoppland](https://www.facebook.com/fylkesmannenoppland)



Spellmovollen ligg i finaste bjørkelia i Vangrøftdalen i Os. Alle foto: Yngve Rekdal

# Svært gode naturvilkår for seterdrift i Nord-Østerdalen

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) har på oppdrag frå Fylkesmannen i Hedmark laga ei oversikt over beiteressursar for husdyr i utmark og på innmarksbeite for heile fylket og for kvar kommune. Det er gjeve omtale av beite kvalitet, berekna beitekapasitet og beitetrykk.

*Yngve Rekdal, Norsk institutt for bioøkonomi.*

Beite kvaliteten i utmark samla for Hedmark er ein god del lågare enn landssnittet, men innan fylket er det stor variasjon. For ein



Tyrihjelms og skogstorkenebb tek over dei grasrike skogane dersom det ikkje blir beita.

oversikt over beitetilhøva kan fylket delast i 3 regionar etter naturtilhøva. Desse regionane har ulike utfordringar i beitebruken. I 2015 hadde Hedmark 168 enkeltsetrer og 18 fellessetrer i drift. Dei fleste av desse ligg i den nordlegaste regionen «Rik berggrunn – Nord-Østerdalen». Denne regionen utgjer 15 % av fylket og samsvarar med det geologiske berggrunnsområdet Trondheimsfeltet. Her dominerer næringsrike bergartar som fyllitt og glimmerskifer. Regionen har meir forekomst av artsrike og produktive vegetasjonstypar enn Hedmark elles som er dominert av fattig berggrunn. Her er det òg høgast prosent av nyttbart beite med 60 % av utmarka, og beste beite kvaliteten svært godt beite, som utgjer 11 %. Samla har regionen veldig gode beiteressursar i utmark. Største ressursen ligg i bjørkeskogsliene og det er her ein finn dei fleste setrene.

Eit særpreg for bjørkeskogen i Nord-Østerdalen er det høge innslaget av vegetasjonstypen engbjørkeskog. Dette er ein voksterleg vegetasjonstype kjenneteikna av høg dekning av urter og breiblada gras. Engbjørke-

skogen utgjer 28 % av bjørkeskogsarealet i regionen og dominerer i dei fleste brattare dalsider med frisk og næringsrik straum av sigevatn i jorda. Døme på slike lier finn ein i alle fjelldalane på nordsida av Glåma, men også på sørsida i Nørdalen sør til Narbuvooll, i Hodalen, Gammeldalen, og vest i Kvikne og i Innerdalen.

Det meste av engbjørkeskogen har vore gammel slåttemark, og seinare kontinuerleg beiting gjer at mykje av skogen framleis er open og svært grasrik. Dette er svært gode beite både for sau og storfe. Tidlegare landbruksskulerektor på Storsteigen, Olav I. Haugen, hyllar desse skogane i si beitegranskning for Selskapet for Norges Vel frå 1952. Han meiner dei er noko av det rikaste utmarksbeitet på Austlandet, og at dei er like gode beite for mjølkeku som kulturmark.

Stadvis gjer lågt beitetrykk no at tresjiktet tetnar og undervegetasjonen endrar seg frå gras til høge urter som tyrihjelms og skogstorkenebb. Beite kvaliteten fell da sterkt. Skal desse skogane haldast i hevd som husdyrbeite må det beitast godt. Det er veldig viktig at storfe er til stades som har større trakkverknad og et grovare planter enn sauen. Skal større areal skjøttast må ein også rekne med å ta i bruk motorsag, hogstmaskiner og anna utstyr som det no er utvikla mykje nytt av.

*Framhald side 15*



Nytt seterfjøs vart teke i bruk i 2010.

# Setra bestemmer utviklinga av

Vi bestemte oss tidleg for å halde fram med seterdrifta, og nytt seterfjøs vart teke i bruk sommaren 2010.

Med nytt seterfjøs var det utelukka å satse på mjølkerobot, båsfjøset vart ombygd til lausdrift. Slik var det på ein måte ønsket om å vidareføre seterdrifta som bestemte den øvrige utbygginga av garden. Det er Olav Østigård på Tynset som fortel dette.

Karin og Olav Østigård tok over garden etter mor til Karin i 2005, og snart var fleire restaurerings- og nybyggingsprosjekt i gang. Bolighuset vart restaurert, ny kårbolig vart bygd og ein sentralfyr fyrst med langved kom på plass – og så var det tid for å oppgradere setra. Setra ligg på Langsetra, i det gode beitelendet på vestsida av Glåma. Seterfjøset glir godt inn i terrenget slik bordkledinga er behandla med jernvotrol. Inne er det godt utstyrt for effektiv mjølkeproduksjon, med

bl.a. 1 x5 mjølkestall, som vart kjøpt brukt.- På grunn av mjølkestallen vart det rikeleg høgde over tankrommet, og dermed vart det plass til eit møterom der. Og eit rom nede som vart tenkt til aggregatrom vart kjøken, så dermed kan vi også ta imot ganske store grupper til møte og.

## Mest utmarksbeite

Setra ligg ei mil frå garden, 800 meter over havet. Dit flyttar dei alle 25 mjølkekyrne og ungdyra, i alt 60 storfe, i slutten av juni. Landskapet er prega av bjørkeskog og frodige beite. Setra byr også på 100 dekar innmark, der noko blir slege og graset pressa i rundballar, sist sommar om lag 40 dekar. Kyrne beiter mykjegodt i utmarka, men utover ettersommaren, når utmarksbeitet tapar seg, får dei beite i skifte på innmarka og mot slutten tilskot av rundballar. Gjenveksten på det arealet som er hausta til rundballar er god å ha for mjølkekyrne mot slutten av setertida, og etter at kyrne er reist heimatt i månads-skiftet august/september får ungdyra sleppe til der. Dei får gjerne vera på setra tre veker

lenger. Olav fortel at sist sommar sådde dei raigras og raps på seterinnmarka for å sikre tilgangen på grovfor. Ein nabo prøvde rug og raigras, som også ga god avling.

## Stor innsats for å få straum

I lag med fire andre seterbrukarar sette dei også i gang med å føre fram straum til setrene. Også 10 hytter vart med på prosjektet, som kraftlaget i utgangspunktet ikkje hadde stor tru på. Men med stor eigeninnsats og i alt kring 1,3 millionar i kontantutlegg vart det realisert. Byggeleing og framdrift, inkludert avtalar med grunneigarane, tok dei seg av sjøl – også all gravinga. Fram til setergrenda er det luftline, men fram til dei enkelte setrene og hyttene er det kabel i jord. Det er i alt 30 eigedomar i området, og får dei fleire med vil kraftlaget ta over linjeanlegget.

## 40 tonn mjølk frå setra

Gardstunet Østigard Mellom ligg 550 meter over havet. Bruket har 270 dekar eiga innmark, 135 dekar leigejord, 15 dekar inn-



Olav og Karin Østigård i fjøset på setra. Foto: Tonje Hovensjø Løkken, Arbeidets Rett.

# gardsdrifta

marksbeite og 2000 dekar utmark. Om fjøset på garden kan nemnast at det opprinneleg er bygd i 1979, men påbygd og ombygd i 2014 til lausdrift med mjølkegrav og 2x2 tandem stall. Det er utstyrt med kraftforautomat og det er plansilo med blokkuttakar og minilastar. Da dei tok over garden i 2005 var kvoten på 90 tonn, no er den oppe i 190 tonn. Og sist sommar vart om lag 40 tonn produsert på setra, noko som viser kor viktig setra er i driftsopplegget. Utan setra ville ikkje eg drive med ku, seier Olav – som i tillegg til det driftsmessige legg stor vekt på trivselen på setra. Dei er på setra sjøl, og både vaksne og born nyter seterlivet.

## Setra som utgangspunkt

Som vi forstår, setra og seterdrifta har vore og er viktig for Karin og Olav Østigård. Produksjonen på setra er viktig og 25-27 liter pr. dag pr. ku er vi fornøgd med. Kyrne våre kalvar i tre grupper, april, sommar/haust og vinter. Utmarksbeitet er gratis, men sjølsagt ikkje utan stor arbeidsinnsats.

**Framhald side 15**



Buskapen på veg ut i marka.



Småbudeier. To av ungene på garden, eldstemann Torstein og yngstejenta Ane Fredrikke.

# Ikkje akkurat som "Almab


Dette er ikkje som "Almabtrieb", heimferd frå setra, heime i Østerrike, seier Veronika Fraisl i det ho går framfor geitflokken – 150 med smått og stort - heimover frå setra.

Veronika er 3. årselev ved den femårige landbruksskulen Uhrsprung i Salzburg, og denne sommaren har ho hatt 14 veker praksis på gard og seter i Dalsbygda i Norddal på Sunnmøre. Saman med tre medelevar var ho med på seterjaginga midt i juni og siste vekene i september har ho vore med å mjølka geitene og følgd dei ut på beite både morgon og kveld. Såleis kjenner ho geitene, og dei kjenner tydelegvis henne og "høyrer etter" når ho gjer tegn til dei fremste at dei må sakke på så ikkje dei tregaste blir for langt etter. Viktig at flokken kjem samla heim til gards.

Etter to timar er geitene heime, 9 km og knapt 500 høgdemeter er unnagjort. Etter at geitene er vel på plass i fjøset fortel Veronika dei øvrige deltakarane på heimferda om korleis denne dagen artar seg heime i Østerrike. – Veronika fortel at der bur dei seg i fleire dagar, lagar til pynt med blomsterkransar for både kyr og geit og finn fram dei største og mest velklingande bjøllene. Og mange møter opp langs vegen og i landsbyen for å sjå på. Mange stader er dette eit "arrangement" som fyller hotell og gjestehus med tilreisande. Og det er nok ikkje fritt for at Veronika innrømmer litt heimlengt når ho fortel om dette, men understrekar likevel at



Den første kalven i haust.



Ei av kyrne rett etter at dei var komne heim frå setra.

dei 14 vekene i Noreg har gått fort og at ikkje minst røyntslene med geit har gjeve meirsmak.

## Allsidig familiebruk

Veronika har mykje å fortelje om heimegarden "Maurach", gardsbruket faren Hansjörg Steinlechner tok over etter foreldra alt som 17-åring. Han blir såleis kalla "der maurachbauer", fortel ho, og seier at ho har hatt litt dårleg samvet for at ho ikkje har vore på setra heime og hjulpt faren denne sommaren – slik ho vanlegvis gjer, og har gjort sidan ho var lita. Garden ligg i ein landsby om lag 560 m.o.h. Veronika fortel om eit familiebruk, der mora Ingrid Fraisl og broren Michael Fraisl også deltek i arbeidet – og om seterdrift som omfattar to setre. Mjølkeproduksjonen er viktigast, 15-20 kyr og med ungdyr i alt om lag 40 storfe. Dei fleste av rasen "Fleckvieh", eit par av rasen "Turer". I tillegg har dei to hestar, to griser, ein del høner og ender og ein liten saueflokk av rasen "Tiroler Steinschaf". Og som typisk er for gardsbruka i Tirol, dei leiger ut rom – som "bed and breakfast", noko mora først og fremst tek seg av. Dei har fem rom og mange av gjestane kjem att år etter år og blir venner av familien. Veronika deltek også i dette arbeidet, men aller best likar ho seg på setra.

## Dyra ute så mykje som muleg

Bruket har knapt 110 dekar innmark heime og kring 100 dekar skog. Som dei fleste gardsbruka i området har dei også ein liten "Obisgarten", ein hage med fruktre og

bærbusker - og av frukta blir det jamvel laga "schnaps". Som tradisjonen er så er hus og fjøs bygd i hop, bygd i 1961 etter at dei gamle husa frå 1326 (!) vart øydelagt i ein brann. – I fjøset står kyrne i båsar, og dei blir mjølka med spann-anlegg både heime og på setra, fortel Veronika, som legg til at slike fjøs er det vanlege i området. Faren har planar om å investere i røyrmjølkingsanlegg heime, noko Veronika ser fram til. Kyrne står inne kaldaste vinteren, men oftast kjem dei ut ganske tidleg om våren, slik at dei i alt får vel 220 dagar ute – på bøane ved garden og oppe på setra. Inne blir kyrne fora med høy og silo, og kraftfor som dei må kjøpe.

## To setre

Veronika fortel at dei har to setre, den legste ligg 15 km frå garden på 1500 m.o.h. Ho kallar det ei kooperativ seter, med seks brukarar, men dei har alle sine egne hus og fjøs. Seterhuset deira er frå 1867, medan dei bygde nytt fjøs i 2003. I den same 30 km lange sidedalen har dei også, saman med dei same naboane, enda ei seter på nær 2500 m.o.h. Der vart det også mjølka inntil for 12-13 år sidan, men no foregår all mjølkeproduksjonen på den legre setra. Der har dei 180 hektar med beiteland og i tillegg rett til å beite dyra i ein 350 hektar stor skog som tilhøyrer "das Bundesland" ("fylket"). Setervegen er bratt og krokut, og etter mykje regn mesta uframkomeleg. Likevel kjem tankbilen annankvar dag, og gjennom sommaren blir det totalt henta om lag 100 tonn mjølk frå dei seks buskapane som er der.

# „Betriebs“ heime i Österreich

## Tørkyr og sauer er på høgste setra

Kalvane er anten heime eller på den legste setra, medan dei eldre ungdyra og tørre kyr får beite kring den øvste setra frå tidleg i juni til slutten av august. Sauene beiter også der oppe, og gardbrukarane samarbeider om tilsynet slik at nokon ser til dei kvar dag. Viktig å gje dei salt slik at dei held kontakten med folk, seier Veronika. Og av og til er veret så dårleg der oppe at dyra må takast inn. Mange av kyrne kalvar om hausten, så mjølmengda er ikkje så veldig stor om sommaren. Men det blir gjerne kring 1500 liter pr. ku, sjøl om det sikkert kunne vorte meir om dei var heime, kanskje 5-10 liter meir pr. dag, seier Veronika. Men ho legg til at det er godt for dyra å vera på setra, og det lokale meieriet lagar spesielle ”Almproducte”. Gardbrukarane som samarbeider om dei to setrene har elles inntekter frå jakt, som alt går inn i seterdrifta. Og Veronika fortel at det i allefall går 6-7000 euro pr. år til å halde vegar og anna i stand.



Huset på garden.

## Tøffe tider

Veronika har lyst til å overta garden når den tid kjem, men broren er eldre og også i ferd med å ta landbruksutdanning på same skulen. Men han er ikkje så glad i setra legg ho til, så der stiller ho sterkast! I landsbyen deira, og elles i Tirol, er det mange små bruk, og med fallande mjølkprisar og generelt premiering av stordrift er det harde tider for desse gardsbruka. Likevel har ho tru på framtida for slik allsidig driftsform som dei har, med berekraftig bruk av naturessursane og god dyrevelferd, mykje bedre enn det industrilandbruket kan by på. Og dette må vi få folk rundt oss til å forstå, seier Veronika.



Kyrne blir pynta til heimturen




Det vart bygd nytt fjøs på nedste setra i 2003.



Fjøsset på den høgstliggende setra.



Veronika med si fyrste geit



## Kulturlandskapspris til Stein Brubæk

Kulturlandskapsprisen for Møre og Romsdal går i 2016 til Stein Brubæk frå Angvika i Gjemnes kommune. Brubæk er ein fagleg dyktig, interessert, engasjert og svært aktiv prisvinnar.

I Norsk seterkultur kjenner vi Stein godt som tidlegare leiar i organisasjonen, stadig bidragsytar til Seterbrukaren og som arrangør av studieturar til Østerrike – med hovudfokus på seterdrifta.

Stein Brubæk er ein person som dei aller, aller fleste som har ei kontaktflate mot landbruk, mat og politikk må ha merka seg. Då vi søkte opp namnet hans på Google, fekk vi opp 426 treff. Til samanlikning fekk Landbruksdirektøren i Møre og Romsdal 102 treff. Då vi køyrde eit søk som dekkja avisinnlegg i Møre og Romsdal dei siste 10 åra, fekk vi fram 692 saker der Stein Brubæk anten har skrivne avisinnlegget sjølv, eller er omtala i avisreportasjen. Det seier seg sjølv at det er vanskeleg å beskrive ein slik person i korte ordelag.

Stein overtok gardsbruket sitt, Brubekken, på 1980-talet, men hadde då i tillegg ein kommunal jobb. I 1997 sa han opp jobben, og satsa på eit liv som heiltidsbonde. Garden er registrert med berre 22 daa fulldyrka jord og 25 daa innmarksbeite, totalt 47 daa jordbruksareal. I tillegg leiger han noko areal, og driv i dag til saman 95 daa fulldyrka jord, noko som er ganske smått etter dagens målestokk. Men i dag sysselset garden 2 årsverk i tillegg til Stein sjølv. Stein greier å generere mykje aktivitet ut av det som kan sjå ut som små ressursar.

Av buskap har han 7 mjølkekyr av gamle utrydningstruga rasar, og 26 mjølkegeiter, i tillegg til ungdyr. All mjølkeproduksjonen på garden går til eigen produksjon av ulike ostar, smør og rømme.

### Brenn for lokale mat- og setertradisjonar

I tillegg til drifta heime på garden, driv Stein med seterdrift på Torbuvollen i Sunndal kommune. Brubæk tok opp att den nedlagde seterdrifta der i 2001. Brubæk såg at den norske seter- og ystetradisjonen var trua. Medan mange lokalmatprodusentar har

valt å satse på utanlandske ostetypar, er det for Stein svært viktig å lage produkt i tråd med norske setertradisjonar, og å formidle denne kunnskapen vidare til andre. Eit hovudmotiv i drifta hans har vore å ta vare på, å berge dei norske budei tradisjonane. Der er det mykje handlingsboren kunnskap som er i ferd med å gå tapt. Likeeins er han opptatt av å bevare dei gamle kurasene og evnene deira til å utnytte utmarka. Stein har også lagt ned ein stor innsats over mange år for å få fokus på lokalmat, og for å arbeide fram felles salskanalar og arenaer for lokalmat-produsentar som Bondens Marked og Nordvest Mat.

### Engasjert i landbrukspolitik

Stein er levande opptatt av landbrukspolitik, og har vore tillitsvalt og talerør for bonde- og småbrukarlaget i lange periodar. Han kjempar entusiastisk og vedvarande for bruk av lokale ressursar, beiting, tradisjonar og kulturlandskap, og mot gjengroing i kulturlandskapet og dermed tap av ressursar. Internasjonal solidaritet er også ei av kampsakene for Stein, og han er engasjert i internasjonale bonde- og småbrukarorganisasjonar.





Stein Brubæk. Foto: Tidens Krav

### Interessert, dyktig, engasjert, aktiv

Det er vanskeleg å karakterisere Stein med få ord, men entusiasme må vere eit ganske dekkande uttrykk. Han er engasjert over eit breitt felt, ikkje berre landbruk, og entusiasme synest å prege innsatsen hans på alle felt. Han utfører sjølv det praktiske arbeidet på garden og på setra, han formidlar kunnskap til besøkande, han deltek på møte, han står på salsmesser, han held kurs og rettleier andre, han skriv i aviser, han deltek på lokale, regionale, nasjonale og internasjonale areaner, og alltid med like stor entusiasme og iver. Han er ein stor inspirasjon for andre og viser at det går an å få til mykje ved å utnytte det mangfaldet som finst av lokale ressursar, både arealressursar og kunnskapsressursar.

- Prisen består av eit beløp på 10.000 kroner, ein diplom og eit kunstverk - Kulturlandskap, tresnitt av Lars Ch Istad.



Frå tunet på Torbuvollen seter.

### Kulturlandskapsprisen

#### Fylkesmannen deler årleg ut kulturlandskapsprisen, og ønskjer å gje prisen til

- Gode ambassadørar for bygde-Norge og for landbruket.
- Drifta skal medverke til ei positiv fokusering på dei verdiane som landbruket representerer.

#### Kandidatane skal mellom anna vurderast etter desse kriteria:

- At ålmenta har tilgang til å oppleve kvalitetar i kulturlandskapet gjennom friluftsliv og rekreasjon.

- At drifta medverkar til ei positiv fokusering på dei verdiane som landbruket representerer. Kandidatane er med på å skape eit ope landbruk i tillegg til eit ope landskap.
- At kandidatane med utgangspunkt i kulturlandskapet og lokale tradisjonar har skapt ny næring på garden.
- At det vert teke omsyn til kulturminne, byggeskikk og miljøverdiar som til dømes biologisk mangfald i drifta.
- At drifta tek omsyn til ulike miljøutfordringar på bruket og i nærområdet.



Tove Fugelsnes intervjuer Marit Hoel om ysting og setertradisjonar på "Setra" på Dyregod-dagane 2016. Innslaget vart sendt i "Naturens verden" på Nrk P118.09.16. Foto: Dyregod, v/Elin Stenkjær.

### Dyregod-dagane med publikumsrekord

"Dyregod-setra" var også i år godt besøkt, og vi registrerar at vi pratar med folk busett lengre og lengre unna Møre og Romsdal når vi står på stand, fortel Eli Aalbu Sæther. Mange er nysgjerrige og vil sjå og smake på setermaten som blir laga til. Andre kjem for å dele egne minne og opplevingar. Marit Hoel var som tidlegare år i full sving som budeie, og med å fortel om setertradisjonar frå Nordmøre. Paul Einar Sæther, ferdig med to-årig agronomkurs ved Sogn jord og hagebruksskule no i vår, var med som budeiedreng og "lærling". Dyregod-dagane er ei messe der landbruk og dyr står i fokus, men appellerar ikkje berre til bygdefolk og bønder. Besøk i frå nabobyane Molde og Kristiansund ser ut til å vere aukande. Ei dame frå Kristiansund fortalte at på Dyregod-dagane er det kjekt! Hit kom dei for å ha det triveleg, handle og treffe kjenningar frå byen! Over 18000 fann vegen til årets arrangement.

# Satsing på fjelland

I jordbruksoppkjøret 2013 ble det bevilget 6 mill årlig over 3 år fra 2014 til en satsing på fjellandbruket. Målet for satsinga er å styrke grunnlaget for bærekraftig verdiskaping i fjellområdene gjennom økt vare- og tjenesteproduksjon basert på landbrukets ressurser.

Satsinga omfatter både tradisjonelt landbruk og bygdenæringer. En ønsker å få konkrete resultater i form av økt verdiskaping og næringsaktivitet. Satsinga skal videre bidra til fellestiltak og til iverksetting av prosesser som bidrar til utvikling og økt utnytting av landbrukets ressurser i fjellområdene.

Dette tiltaket kommer som en oppfølging av Meld. St. 9 «Velkommen til bords». Her ble det sagt at en må framheve betydningen av å utnytte og videreutvikle regionale fortrinn og spesielle kvaliteter knyttet til landbruket i fjellområder. Næringskomiteen understreket i forbindelse med statsbudsjettet i 2013, at det er viktig å se nærmere på hvordan en kan utnytte potensialet i fjellområdene og få til samspill med andre næringer.

## To samarbeidsprosjekter

Satsinga består av to samarbeidsprosjekter som inkluderer seks fylker i fjellområdene.

4 mill kr er tildelt regionen Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Oppland og Hedmark. 2 mill kr er tildelt regionen Buskerud og Telemark. Fylkesmannen i henholdsvis Sør-Trøndelag og Telemark har fått sekretariatsansvaret for satsingen.

Satsinga skal ses i sammenheng med fjell-satsinga i regi av fylkeskommunene. En skal også samarbeide med andre aktører som Innovasjon Norge, næringsorganisasjonene, ulike kompetansemiljøer osv.

Målgruppa for midlene som er avsatt er næringsaktører i alle ledd i verdikjeden, forvaltningen og forsknings- og kunnskapsmiljøer i fjellområdene i de to regionene.

For begrepet «fjellområder» legger en til grunn Østlandsforskning sin definisjon der kriteriet er at minimum 50% av arealet i kommunen ligger over 700 moh.

## Buskerud og Telemark

I Buskerud og Telemark omfattes disse kommunene av fjellregionbegrepet: Hemseidal, Ål, Hol, Gol, Nes, Nore og Uvdal, Flå, Rollag (Buskerud) - Vinje, Tinn, Hjartdal, Seljord, Tokke og Fyresdal (Telemark)

## Mange tiltak har fått støtte

Prosjektet går nå mot slutten, og 2 millioner er fordelt til tiltak i de to fylkene og Telemark. Det betyr muligheter for å realisere små og store drømmer. Siden oppstarten har en sett mange gode ideer, og omkring 35 tiltak fikk støtte i løpet av de to første åra.

## Det er i hovedsak seks tiltaksgrupper som søknadene fordeler seg på:

1. Investeringer støl
2. Investering driftsbygg - gard
3. Investering foredling/produksjon
4. Kunnskap/mobilisering
5. Lokalmat/distribusjon
6. Opplevelser/turisme.


Felles for disse er at det særmerkede ved fjellet og fjellandbruket, knyttet til naturressurser, kultur og tradisjon blir brukt på en ny måte eller inn i eksisterende drift. Tiltak som genererer opplevelser og aktivitet, og synlig-

## Studietur i Øvre Hallingdal

Marit Torsrud Nerol, jordbruksforvaltar i Ål kommune og medlem av styringsgruppa for fjellandbruksprosjektet i Buskerud og Telemark, fortel at det har vore stor interesse for prosjektet. Heilt frå starten bestemte styringsgruppa at midlane skulle gå direkte til bøndene, ikkje til prosjekt og møte. Og mange tiltak har fått støtte, ikkje minst tiltak som sikrar framtidig stølsdrift. I starten var det litt tregt, men særleg siste året kom det mange søknader. Fjellandbruksprosjektet har bidrege med finansiering saman med m.a. Innovasjon Norge. Nerol er oppteka av stølsdrifta, og av tiltak nemner ho m.a. to geitebruk, eit i Ål og eit i Hol, baa med stølsdrift – og der det eine tek opp att stølsdrifta. Ho meiner også at det er viktig å finne enkle og rimelege løysingar når stølsfjøs skal fornyast, og nemner her eit geitfjøs i Ål som døme.

Nerol fortel at prosjektet arrangerte studietur for unge bønder frå Buskerud og Telemark no i haust. Deltakarane fekk sjå, smake og høyre om drift og vegval hjå om lag 15 bønder i Ål og Hol, og bøndene som vart besøkt delte erfaringar og tankar rundt fjellandbruket. Tankar kring overtaking, vegval og satsing på garden sine ressurser sto sentralt, og ho nemner at det no blir satsa på kombinasjonar i utviklinga av gardsbruka.

Deltakarane på studieturen budde på Lungsdalshytta, der lokale rettar sto på menyen. Fjellandbruk-prosjektet går mot slutten no, og på spørsmål om oppfølging svarar Nerol at det gjerne burde løyvast midlar til vidareføring og støtte til fleire tiltak. Uansett er det planar om ein studietur i Telemark neste år – og nettverket av unge bønder er eit viktig forum å satse vidare på.



**Satsar på gard i fjell**  
Økonomisk støtte betyr veldig mykje  
Får tilskot frå Fjellandbruket  
Eva og Lars Inge Kaslegard er to av bøndene som tar utvidde drifta takke vere økonomiske støtteordningane som Fjellandbruket.

**Økonomisk støtte betyr veldig mykje**  
Runde sater Anne som satsar på fjellandbruk i Buskerud og Telemark. Ho er medlem av styringsgruppa for fjellandbruksprosjektet. I fordraget mellom fylkeskommunene og staten er det utsett for 600 mill kroner til fjellandbruksprosjektet. Dette er ein viktig støtte for bøndene som satsar på fjellandbruket. I tillegg er det utsett for 200 mill kroner til fjellandbruksprosjektet. Dette er ein viktig støtte for bøndene som satsar på fjellandbruket.

# bruket

gjør fjellandbruket for reiselivet prioriteres. Midlene prioriteres direkte til næringa gjennom støtte til konkrete tiltak.

Ungdom vil forankre satsing i primærlandbruket

Det har vært sterkt fokus på ungdom, bl.a. på ei fagsamling – inspirasjon og nettverkssamling – med tittel: "Ungdom som vil satse" .. Her fikk deltakerne høre om ulike satsinger, veivalg og hele gården som ressurs. Det genuine ved fjellandbruket er bl.a knyttet til geografi, klima og tradisjoner, og det er det særmerkede ved dette som former det karakteristiske fjellandbruket.

Ungdommen vil bruke dette i mat, opplevelser og bringer tradisjoner inn i en ny tid med nye konsepter. Det er eksempler på videreforedling til ost, kjøtt og lokalmat, det er satsing på grønn omsorg i kombinasjon med gårdsdrift, det er overnatting og turisme blant mye annet.

Primærlandbruket er utgangspunktet og dyra en hovedaktør, uten en solid og bærekraftig forankring i dette vil ikke fjellandbruket kunne høste så rikt av alle muligheter.



## Hvilke verdier har stølsdrift for bonden, for landskapet og for reiselivet?

I sin masteroppgave vil Anne Guro Hommo gjøre en verdsettelsesstudie av seterdrift i Fjellandbruket. "Det jeg ønsker å finne ut med denne oppgaven er om seterdrift også kan være økonomisk lønnsomt for bonden, for nærmiljøet og eventuelt for samfunnet", sier Anne Guro.

Studenten Anne Guro Homme fra Universitetet i Oslo har kontaktet oss med tanke på et forskningsprosjekt rundt temaet landbruksbasert reiseliv. Hun har vokst opp på en geitegård 760 meter over havet og er på denne måten en del av fjellandbruket. I Telemark og Buskerud er det et aktivt miljø med mange aktive setre. Fylkesmannen ønsker å vite mer om verdien av seterdrift for bonden, for nærmiljøet og i en reiselivssammenheng. Slik informasjon vil gi gode argumenter for en videre satsing på fjellandbruket.

Her har altså både hun og Fylkesmannen sammenfallende interesser. Vi er interessert i et samarbeid med henne. Fylkes-

mennene i begge fylkene har derfor gitt adresselister til Anne Guro Homme slik at hun kan gjennomføre forskningsprosjektet. Foretak og adresser er plukket ut fra søknader om støtte til setring (drift av enkelt og felleseter) og fra landbruksregisteret. Vi har gitt henne tillatelse til å bruke navne- og adresselister, avgrenset til dette forskningsformålet.

Fylkesmannen oppfordrer foretak med drift av enkelt/fellesseter om å dele informasjon med Anne Guro og forskningsprosjektet hennes. Detaljerte økonomiske opplysninger om resultat fra seterdrift fra næringsoppgaven er av særlig interesse, og vi håper foretakene vil dele tallene med forskningsprosjektet. Alle personopplysninger vil bli behandlet konfidensielt.

Fylkesmennene i Telemark og Buskerud har i tre år på rad hatt en egen satsing på fjellandbruk. Med midler fra jordbruksoppgjøret 2013 er det bevilget nær 6 millioner kroner fordelt på 3 år i begge fylkene. I tillegg kan foretak i begge fylkene årlig søke støtte til seterdrift fra Regionalt miljøprogram RMP.

Kilde: [fjellandbruket.no](http://fjellandbruket.no)





Hans Bondal i aksjon på Dyrsku'n.



Ellen Marie Tangen kokar karamell og fortel om seterlivet.



Adriana og Paul Einar Sæther informerer og deler ut smaksprøver.



Eli og Per Sæther hadde med grindhus og deltok for fullt på standen.

# Norsk seterkultur på Dyrsku'n

Det var ei slitsom helg, men trur vi fekk synleggjort seterdrifta og seterkulturen godt. I allefall stor interesse for standen vår, der vi heldt det gåande frå tidleg morgon til sein kveld. Ja, det var verkeleg slitne hovud og bein da det heile var over. Det er Hans Bondal, styreleiar i Norsk seterkultur som seier dette.

På standen var det koking av ” gubbost ”, karamellar og geitprim. Og så fekk vi snakka med masse folk og delte ut materiell, så vi håpar på mange nye medlemmar. Nærare

1500 smaksprøvar vart delt ut, hundretals ekemplar av Seterbrukaren og fleire hundre verveslippar vart delt ut. Og vi gjekk tom for materiell utpå søndagen. - Vi kokte inn om lag 55 liter mjølk til gubbost, samt laga karamellar av i alle fall 5 liter geitfløyte, og alt dette var tomt søndag kveld. Så er håpet at innsatsen resulterer i mange nye medlemmar, seier Hans.

Den ”harde kjerne” på standen saman med Hans var Ellen Marie Tangen, Bjørn Karsten Ulberg og Eli og Per Sæther. Paul Einar og Adriana, ungdommetilsetninga, var

også med og gjorde ein god jobb, og elles tok tidlegare NSK-styremedlem Odd Arne Espeland ein tårn på standen. Per hadde med eit grindhus som skapte ei fin ramme. Bjørn Karsten ordna med mjølk til standen og sto på for fullt for å ”kapre publikum. Ellen Marie – som også er musikar i tillegg til geitbonde og seterbrukar - hadde hovudansvar for kokinga, og i tillegg ”lokka” ho så det ljoma gjennom teltet. Frå fleire hald blir det sagt at standen vart lagt godt merke til, og styreleiar Hans fekk også litt sendetid på NRK-Telemark nett-tv.

# Merkeprosjektet nærmer seg mål

Man registrerer stadig økende interesse for genuine produkter fra fjellområdene. Samtidig ser en at stadig flere lanserer produkter som fjell – eller seterprodukter uten at varen faktisk har tilknytning til seter eller fjell. Misbruk av begrepene vil kunne svekke tilliten i markedet og dermed også konkurransekraften for seterbedrifter.

Derfor søker Norsk seterkultur MATMERK om beskytta betegnelse som setersmør, og Matmerk har nå sendt ut utkast til produksjonsforskrift. NSK har bidratt med ytterligere utfyllende dokumentasjon, og søknaden skal videre sluttbehandles av Mattilsynet. Et både krevende og spennende prosjekt nærmer seg mål.

Norsk seterkultur har i mange år arbeidet for å fremme seterkulturen med kultur, mat og opplevelser. Melkeforedlingen på stolene er basert på lange tradisjoner og er en viktig del av vår felles kulturarv som vi arbeider for å gi best mulig utviklingsvilkår. Vi har



Setrene byr på mange gode produkter. Her fra Torbuvollen i Sunndal. Foto: Stein Brubæk.

etterhvert også fått rikelig med vitenskapelig dokumentasjon fra Norge og Alpene på kvalitative forskjeller mellom seterprodukter og øvrige melkeprodukter.

Med bakgrunn i dette har Norsk seterkultur søkt MATMERK om beskytta betegnelse for tradisjonelt særpreg for ekte setersmør. Denne beskyttelsen kan oppnås for nærings-

midler som har en tradisjonell karakter enten ved bruk av tradisjonelle råvarer eller tradisjonell produksjonsmåte. NSK ønsker å fremme næringsmidlets tradisjonelle karakter som primært er knytta til høstingskulturen knytta til setra. Grunnleggende tradisjonelle foredlingsmetoder skal ivaretas, men produksjonsutstyr kan variere så fremt dette ikkje påvirker ønsket kvalitet.



Tryggve Bernt viser tuftene etter den ene av de opprinnelige setrene, der den ble anlagt på slutten av 1600-tallet.

## Aktivitet på Gåla seter sommeren 2016

I boka Gåla seter - fra fortid til nåtid (omtalt i Seterbrukaren Nr. 2 Juni 2016) var et kapittel viet setre fra tidligere tider, setre som ikke lenger eksisterer. Noen av dem hadde veldig kort levetid, mens andre eksisterte i flere generasjoner. I alt er 9 slike gamle setre dokumentert.

Forfatterne av boka, Ole Messelt Drangsholt og Unni Elisabeth Bernt, stilte i august i år som «guider» på en tur rundt på

vollen for å vise hvor disse gamle setrene hadde ligget, hva man kunne se av tufter i bakken i dag - med litt bakgrunnsstoff for hver av dem.

Arkeologen Tryggve Bernt, som har skrevet det arkeologiske kapitlet i boka, viste i tillegg til aktivitet fra tiden før mjølkesetra ble anlagt. Her var det snakk om spor etter forhistorisk åkerbruk, mulig gravrøys m.m.

## Kalvedans på "Dag og Tid-stølen"

**Avisa Dag og Tid har kjøpt kalvar les vi. - "No er vi ikkje lenger berre Noregs einaste riksavis på nynorsk – men og Noregs einaste avis med egne kalvar.**

Driv vi støl, så driv vi støl. Og om alt går som det skal, er kalvane våre klare for mjølking sommaren 2018", skriv redaktør Svein Gjerdåker. Da kalvane skulle kjøpast fall valet på vestlandsk fjordfe, og kalvane Somrei og Ameline vart kjøpt hjå Ida Østvoll og Sigmund Sørum i Vang i Valdres i vår, og dei har altså nytt sommaren på "Dag og Tid-stølen" på Rømlø på Voss i sommar – forøvrig tredje driftssommaren for avisa si stølsdrift. I følgje "faktaruta" omfatta stølsdrifta i sommar to kyr, to kalvar, to grisar, ein familie på fire – mjølking, ysting, grisehald og rydding av kulturlandskapet.

Vestlandsk fjordfe vart godkjend som eigen rase i 1890, var lenge den dominerande kurasen på store deler av vestlandet, men heldt på å døy ut. Heldigvis var det i 1980-åra mogleg å berge den reine fjordferasen takka vere nokre få buskappar som var att.

Interreg-prosjekt:

# Biologisk kulturarv som bærekraftig verdiskaper

I et norsk-svensk samarbeid er NIBIO, Centrum för biologisk mångfald (CBM), Södertörns högskola og en rekke andre samarbeids-partnere i gang med Interreg-prosjektet «Biologisk kulturarv som bærekraftig verdiskaper».

*Av Bolette Bele, Håkan Tunón og Paulina Rytkönen*

Målsetningen med prosjektet er å utvikle gode eksempler på hvordan naturressurser og biologisk kulturarv kan anvendes som ressurs for lokal verdiskaping. Prosjektet har tilknytning til Interregs innsatsområde Natur og kultur, og er et 3-årig prosjekt.

## Bakgrunn

Fjell- og skogslandskapene i Norge og Sverige har gjennom lang tid blitt utnyttet til lokal matproduksjon. Disse landskapene inneholder en rekke fysiske og biologiske kulturminner, samt en omfattende immateriell kulturarv. Kunnskapen om tradisjonell naturbruk har stor verdi med tanke på hvordan de biologiske ressursene anvendes på en bærekraftig måte i framtida. Denne kunnskapen representerer også en viktig ressurs for lokal verdiskaping og kan bidra til å styrke den lokale identiteten til tjenester og produkter.

## Målsetninger

Prosjektet har som hovedmålsetning å utvikle gode eksempler på hvordan lokale naturressurser og biologisk kulturarv kan anvendes som ressurs for bærekraftig verdiskaping.

**Mer spesifikt skal prosjektet bidra til å:**

- Dokumentere og formidle kunnskap om biologisk kulturarv
- Styrke nettverket og utveksle kompetanse mellom norske og svenske aktører
- Bidra til lokal verdiskaping knytta til mat og reiseliv via lokale innovasjonsprosesser

## Grenseregional meirverdi

Prosjektet vil gjennomføres innenfor Interregregionen «Nordens Grønne Belte», først og fremst innenfor Trøndelagsfylkene og



Jämtlands län. Et slik samarbeid på tvers av grensen er svært verdifullt i en region med felles historie og felles naturgrunnlag. Antall gårdbrukere/seterbrukere som anvender naturressursene er dessuten en marginal gruppe, og et slik grenseoverskridende samarbeid vil benytte den «kritiske brukermassen» i begge land.

## Formidling

Formidling og kunnskapsoverføring vil stå sentralt i prosjektet. Det vil utgis fakta-ark og guider, rapport med sammenstilling av gode eksempler, fagartikler og andre publikasjoner. Data fra prosjektet vil også formidles gjennom foredrag og nettsider.

## Prosjektorganisering og samarbeidspartnere

CBM, NIBIO og Södertörns Högskola står som eiere av prosjektet. Prosjektleder er Håkan Tunón ved CBM. Paulina Rytkönen er prosjektansvarlig hos Södertörns Högskola og Bolette Bele hos NIBIO. Det vil samarbeides med norske og svenske gårdbrukere/ seterbrukere, samt mot Norsk seterkultur, Foreningen Sveriges Fäbodbru-

kare, lokale historielag, Bondelaget, Lantbrukarnas Riksförbund (LRF), Bonde- og småbrukerlaget, matnavet i Midt-Norge og Eldrimner. Fra forvaltninga vil representanter fra kommunene, fylkesmennene, länsstyrelsen og Miljødirektoratet være involverte. Innovasjons-aktøren Proneo AS vil bidra med skreddersydde kurs for norske og svenske brukere. Det vil opprettes en referansegruppe som skal bidra med råd til prosjektledelsen.

## Finansiering og budsjett

Prosjektet har mottatt støtte fra det Europeiske regionale Utviklingsfondet og fra Interreg Sverige-Norge-programmet. Videre er det mottatt regional medfinansiering fra Nord-Trøndelag fylkeskommune (Regionalt utviklingsprogram), Sør-Trøndelag fylkeskommune (Regionale utviklingsmidler) og fra Fylkesmannen i Sør-Trøndelag (Klima- og miljøprogrammet). På svensk side har Centrum för biologisk mångfald og Södertörns högskola bidratt mest med medfinansiering, men også Ovanåkers kommune deltar i prosjektet.



Da setergrenda fekk straum i 2013 var det daverande Tynset-ordførar Bersvend Salbu som foretok den symbolske innplugginga. Iført ei alternativ ordførarkjede, lyslenke av JD-traktorar. Salbu var klar over at stuntet var vågalt i ei setergrend der den blå traktorfarga dominerer. Foto: Tonje Hovensjø Løkken, Arbeidets Rett.

## Rådhuset Vingelen

Olav Østigård arbeider i Rådhuset Vingelen med arbeidsfelt landbruksteknikk, planlegging og bedriftsrådgjeving. Han fortel at dei jobbar med nærare 20 driftsbygningar, der dei utarbeider teningar og hjelper til med det meste i byggeprosessen.

Med stadig fleire oppdrag har dei nyleg utvida staben på dette feltet. Rådhuset Vingelen held til i Vingelen i Tolga kommune, har totalt 14 medarbeidarar, og er engasjert i tiltak for livskraftige lokalsamfunn gjennom å styrke og utvikle eksisterande næringsliv og legge til rette for nyetableringar og busetting.

Landbruk og tilleggsnæringar er eit viktig satsingsområde. Rådhuset Vingelen har Hedmark, Oppland og Sør-Trøndelag som viktigaste arbeidsområdet.

Sjå [www.radhusetvingelen.no](http://www.radhusetvingelen.no)

Vi prøvar å utnytte setra best muleg, og erfaring har lært oss å utnytte samspelet mellom utmark- og innmark på setra. Innover dalen er det ikkje vegar, så kyrne blir ikkje gåande ”å slenge” på og langs vegen, og det frodige dalføret fører dei heimatt til setra. Å vera bevist på bruken av ressursane er viktig. Det ligg godt til rette for rasjonell drift på setra vår, og slik er altså setra utgangspunkt for drifta og utviklinga på garden.

### Seterdrifta – viktig del av mjølkeproduksjonen

Familien Østigård tek seg sjøl av stellet på setra. Borna på 15, 12 og 7 er også med, ja dei to eldste, Torstein og Vilde, gjer fjøstella sjøl om det trengst. Sommarferie får vi ta andre tider på året. -Olav er klar på at framtida for seterdrifta ligg i å oppretthalde denne driftsforma som ein naturleg del av mjølkeproduksjonen, volumproduksjonen

om ein vil. Vi må jobbe for driftsforma som del av eit berekraftig landbruk. Derfor er det viktig med både rådgjeving og økonomiske verkemiddel til for eksempel fornying av seterfjøs, straum til setre og anna infrastruktur. Dessverre går talet på setre i drift ned, og lokal foredling og turisme kan ikkje berge seterdrifta, men sjølsagt er det eit viktig ”krydder” i seterfjellet.

### Framhald frå side 3

Hedmark fylke har store ledige beiteressursar i utmark. Utførte berekningar viser at fòruttalet kan tredoblast. På trass av ulike naturvilkår kan utmarksbeite drivast med godt resultat over det meste av fylket dersom ein tilpassar drifta til dei lokale tilhøva. Nokre bygder i Nord-Østerdalen har noko av det beste utmarksbeitet i Sør-Noreg, og har såleis særskilt gode vilkår for beitenæring i utmark.

Dei fleste kommunane på Hedmarken og nord i fylket har mellom 40 og 60 % utnytting av beiteressursane i utmarka. Ringsaker merkar seg ut med ein svært høg utnyttingsprosent som kan tyde på at enkelte stader i kommunen kan det vera for mange beitedyr. Det er svært lite bruk av utmarksbeitet i kommunane sør og aust i Hedmark der alle ligg under 10 % utnytting, lågast Engerdal og Trysil med berre 4 %. I desse kommunane er det no så lite beitedyr at kulturlandskapet og det biologiske mangfaldet som beiting skapar, er i ferd med å gå tapt.

Rovdyr påverkar beitebruken sterkt i Hedmark. Dette er ikkje med i utgreiinga frå NIBIO, da det her er ressursgrunnlaget som er tema. Konflikter kring bruk i høve

til andre arealinteresser som skogbruk, jakt og friluftsliv er heller ikkje handsama. Det same gjeld organisering av beitebruken som er ei stor utfordring for framtidsretta bruk av beite i både inn- og utmark.

Heile rapporten kan hentast her <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2389549>



Open og grasrik engbjørkeskog i Magnildalen i Tynset.



Stor aktivitet på Grøset seter.



## Skuleelevar på seterbesøk

Etter inspirasjon fra NSK-standen på Dyrsku'n i Seljord, kom elever fra Rosthaug videregående skole avdeling Buskerud (Buskerud Landbruksskole) på kurs på Grøset Seter i Sigdal for å lære om foredling av melk. De fikk innføring i seterdrifta, med hovedvekt på alt som har med foredling av melk å gjøre.

Stor interesse for temaet, og bildene viser noe av dette. Det ble separert melk, kinna smør og laga ferskost i hjerteformer – og sjølsagt ble det anledning til å smake produkta og nyte et godt setermåltid.

Mange av våre  
produkter  
har rot i støls-  
kulturen og vi  
støttar  
Norsk Seterkultur i arbeidet for  
denne driftsforma



## OLAVSROSA

Kvalitetsmerket  
for de beste  
kulturarvopplevelser.  
Et besøk er et minne  
for livet.

**“Vern gjennom bruk”**



[www.olavsrosa.no](http://www.olavsrosa.no)  
[www.kulturarv.no](http://www.kulturarv.no)